

Referat frå styremøte i Vats Grendautval

Måndag 11. januar 2010 på Vats skule Kl. 19.30.

**Desse møtte: Gro Karin Velde, Ingunn Skosheim Ohm, Severin Fatland,
Jon Olav Velde,
Åsmund Kalstveit møtte ikkje.**

Sak 1. Kommuneplanen del 2 – kystsona med sjøareal og strandsona.

Grendautvalet gjekk gjennom framlegget til denne planen fyrste gong 07 10 09 .

Grendautvalet kom den gong med ein del merknader og kommentarar som me sende inn. Leiaren Jon Olav Velde var inne på kontoret til sakshansamar Anne Sofie Sandvik med strandsonkartet for Vatsfjorden og forklarte merknadene me hadde.

Merknad denne gongen:

Det må vera raudfarge på stranda nedanfor Skjervheimfeltet slik at folk på feltet kan få båt plass/båtfeste eller naust der. Dette gjeld frå Kvigeneset og sørover mot fyret.

Sak 2. Energi og klimaplan 2009 – 2014

Grendautvalet ser svært positivt på at det er laga ein slik plan.

Det er viktig å tenkja på korleis me forvaltar vårt eige miljø for oss sjølve og for våre etterkommarar. Ved å setja fokus på ei målretta energiforvaltning, vil me vera med å redusera klimautsleppa.

Det var mange forslag i planen.

Grendautvalet hadde ingen merknader.

Sak 3. Folkemøte i Vats om NIVA sine rapportar om Vatsvassdraget og Vatsfjorden

Jon Olav har hatt kontakt med Anders Hobæk i NIVA og med AF Decom v/Evy Lærdal om å få til eit folkemøte der NIVA kan presentera sine rapportar om sine prøvetakingar både i Vatsvassdraget og i Vatsfjorden ute på Raunes ved anlegget til AF Decom.

Dette møtet blir i Vindafjordhallen, kanskje 18. februar (kjem attende til dette)

AF Decom tek på seg alle utgifter til leige av hall, servering og annonsering.

Jon Olav blir innkalla til eit strategimøte hos AF Decom om opplegget for møtet.

Sak 4. Part i Vindafjordhallen PL.

Representantskapet i Vindafjordhallen ynskjer at Vats Grendautval overtar Nedre Vats Velforening sin eine part - denne velforeninga eksisterer ikkje lenger.

Vedtak: Vats Grendautval ynskjer å overta 1 part i Vindafjordhallen.

Sak 5. Avslag på bygging av naust hos Ole Johan Indreland.

Vats Grendautval er gjort kjent med at Ole Johan Indreland i Nedre Vats har fått avslag av Fylkesmannen i Rogaland på søknad om å fylla ut ein pir og byggja naust på sin eigen eigedom i Indrelandsvika.

Grunngjevinga reagerer me på: **”Den omsøkte utfyllinga, naustet og piren vil bli svært dominerande i landskapet og det må gjerast store inngrep for å få til eit tenleg båtanlegg.”**

Den omsøkte plassen ligg ikkje på eit nes og **vil på ingen måte vera dominerande** i landskapet. Indrelandsvika er nabo med AF Decom på Raunes der det verkeleg er store inngrep i landsskapet.

Det må ikkje bli slik at det er forskjell på Kong Salomo og Jørgen Hattemakar her.

Me kjenner til at Vindafjord kommune ser positivt på at gardsbbruk som har strandline til sjøen, må få rett til å byggja naust på eigen grunn.

Vedtak: Vats grendautval sender særutskrift til Fylkesmannen om denne saka.

Sak 6. AF Decom si handtering av lågradioaktivt avfall frå utrangerte oljeinstallasjonar.

Vats Grendautval har tillit til at AF Decom handsamar desse spesialavfalla på ein forsvarleg måte slik at miljøet for arbeiderane og naturen blir ivareteken på forsvarleg vis. NIVA sine prøvar vil avdekka forureiningar og dei kjem med fyldig rapport om dette på eit folkemøte i Vindafjordhallen i neste månad.

Men ut frå den informasjonen som Grendautvalet har fått, synes me at AF Decom har vore flinke til å etterkoma pålegg og følga opp nye krav frå Fylkesmannen og SFT.

Dei stiller velvillig opp for å gi informasjon og ha synfaringar med dei som bed om det. Grendautvalet er glade for at det blir arbeidd ut nasjonale føringar for slikt arbeid.

Øvre Vats 11/1 – 10

Jon Olav Velde
-leiar/skrivar-